

Lengt

Dagboka 23. februar 1950

Kom igjen – min Pegasus,
no er det luft for vengen,
hu hei, me set mot nord vår kos
hei, hypp, det går på sprengen.

Me stoggar først når du har nått
til Sunnmørs nakne strender,
der alt ligg audt og vintergrått.
Eg trur min sann du vender.

Nei, stopp! Eg veit så lun ei krå
der me med opne armar
vert møtt – og du skal kjenne få
kor det til hjarta varmar.

Det er min heim – sjå her, mitt viv!
eg puslar vart med eitt og hitt.
Du, dette er mitt rette liv
og alt du ser er vårt – er mitt.

No, er du kvild, skal me alt snu?
du er visst ferdaklar.
Straks er eg også ferdig du
og så – kom an, me drar.

Tekst: Johan Bernt Ulla